




Boka Hordaland i krig har med mykje stoff frå april dagane 1940 i Herøysundet og Uskedalen.

**Boka Hordaland i krig er skriven av den unge lokalhistorikaren Vegard Toska. Boka har undertittelen Krigsåret 1940 sett frå den tyske sida. April dagane i Herøysundet og Uskedalen er omtalt på fleire sider, dag for dag frå 18. til 20. april. Aldri før har krigshendingane vorte presentert så detaljert i ei bok med bakgrunn i tyske dagbøker og kjelder.**

18. april 1940 startar med tyske observasjonar av torpedobåten STEGG og SÆL, som var ein del av den norske marine Hardanger med base i Uskedalen. Tyske schnellbåtar vart sendt til Kvinnherad for å finna meir ut om det dei trur er eit kystfort i Herøysundet. Det kom til trefningar der mellom anna SÆL vart sett på land og sakk seinare ved Ånuglo. Dei tre tyske snøggåtene trekte seg så tilbake til Bergen.

Neste dag, 19. april, var helst roleg. Det vart lagt planar for nytt angrep og vidare framrykning mot Granvin og Voss.



Vaktbåten SMART kom til Uskedalen alt 9. april med kaptein Hauge som sjef. ( Bilete er ikkje med i boka ).

20. april kom dei tyske styrkane i posisjon med farty og landsetjing av pionertropp på Trones i Herøysundet og i Dimmelsvik for så å gå mot Uskedalen. Boka skildrar kampene steg for steg, særleg korleis det tyske skipet BREMSE og SCHIFF 221 sette torpedobåen STEGG ut av spel på innsida av Herøyo.

I tyske kjelder vert det skrive at tyskarane hadde to såra. Pionertroppen fann tre lastebilar med påmonterte revolverkanoner. I tillegg vart funne 80 gevær. Seks mann frå mineleggjaren TYR vart tekne til fange om bord på SCHIFF 221.

Med boka Hordaland i krig får vi innsyn i felttoget, okkupasjonen, dei hektiske apriildagane og resten av det fyrste krigsåret i Hordaland.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Framsida av boka Hordaland i krig/ offentlege fotosamlingar.